

Året som har gått - 2016

Me startar julehelsinga med eit bilete frå Nissemarsjen 4. desember. 56 stk var med på denne kjekke tradisjonen med gåtur med lykt for så sosial samvær på Fjordstova med gløgg og kaker. I år kunne ein velje mellom nissehue og refleksvest i premie. Me oppmodar alle til å vere ute og i aktivitet i vinterhalvåret og nytte refleks når ein er ute.



Medlemstala har lege stabilt mellom 250 og 260 dei siste åra. Tusen takk til alle som er medlemmar. Nytt i 2017 er at me må ta i bruk eit elektronisk medlemsregister som Idrettsforbundet har utvikla. Medlemskontingenten vil då komme pr e-post. Send e-post til Anne Marie på ambolstad@gmail.com med fødselsdato og e-post så registrerar ho dykk.

Idrettslaget har siste åra jobba med å oppgradere skiløypa i Kveinahagen på Yttrissida. Me gjekk og til innkjøp av trakkemaskin. Tusen takk til Skjolden og Fortun Bygdelag som var med på finansieringa. Samstundes gjekk basaroverskotet i 2016 til arbeidet i skigruppa og overskotet me får på basaren vår 5. mars 2017 vil og gå til arbeidet i skigruppa. For oss er det viktig at me kan lage gode skiløyper i Hestahagen og i Turtagrø. Anders har allereie byrja å køyre i Turtagrø i helgane når veret tillet det.

Hausten 2016 sette me oss ned for å evaluere Fanaråken opp. Deltakartalet byrja å gå ned og det vart mykje arbeid på nokre få for å få det til. Me har fått mange attendemeldingar om at det er eit løp folk gler seg til og at me må fortsetje. Det blei derfor laga ei "Fanaråken opp-gruppe" med 7 stk som har møter kvar måned der me prøver å få til eit godt arrangement både for deltakarar, idrettslag og lokalsamfunnet. Geir Hauge er no med som sponsorsjef og han gjer ein kjempejobb med å få inn sponsorarmidlar. Saman med idrettslaga Luster og Bjørn har me laga noko som heiter Lustratrippelen. Deltok ein på Lustraløpet, Molden opp og Fanaråken opp har ein moglegheit til å vinne pengepremiar. Det er og mogleg å gå eit kortare løp for dei som er 12 år og yngre den 12. august. Me feirar og 15 års jubileum for Fanaråken opp så nokre

sprell må me finne på . Har du lyst å bidra som funksjonær ta kontakt med Jan Øyvind. Håpar flest mogleg er med, anten som deltakarar, heilagjeng eller funksjonærar.

Mange stiller opp med ulike verv i gruppene våre og som frivillige. Det set me stor pris på og dette er og grunnen til at me kan ha 8 undergrupper med aktivitet og ha arrangement som basar, Sognefjellet sommarskiskule, Fanaråken opp og Sognefjellsmarsjen.

Som i fjor har Jonny og Per Ove selt Bjønnaposten, takk til dykk!!

Trimgruppa har god aktivitet med turorienteringa. Også i år er det fotokonkurransse Ut på tur. Send inn bileta dykkar frå turar til trimpostane og ver med i konkurranse om fine premiar. Bilda gler oss på Facebook og gjev inspirasjon til nye turar. Fristen for innsending er 31.desember på Facebook eller til mona_bukve@hotmail.com.

Så vil me nytte høve til å takke medlemmar, frivillige i gruppene, funksjonærar og sponsorar for 2016. Det er kjempeflott at de stiller opp for å skape fysiske og sosiale møtestader for oss!

Me ynskjer dykk alle ei god jul og eit godt nyttår. Og håpar til eit aktivt 2017!!

Vennleg helsing

IL Fanaråk

Anders, Larisa, Jakob, Anne Marie, Hans Arvid og Mona

